

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal

Møtestad: Ålesund – Adm. bygg

Dato: 19.06.2023

Tidspunkt: 10:00 - 15:00

Til stades:

Paula Næss Skår	Leiar
Ann Helene Skare	Nestleiar
Atle Tangen	Medlem
Anne Grete Mogstad	Medlem
Lasse Alexander Honningsvåg	Medlem
Per Øvermo	Medlem
Janne Remøy Endresen	Medlem
Ingrid Løset	Varamedlem

Ikkje møtt:

Marie Ødegård Gjengstø	Permisjon
Kai Knutsen Sivertsen	

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Ingrid Fiskerstrand	Sekretær i Brukarutvalet HMR

Merknad i møte:

I møtet fekk brukarane ei omvising på fysikalsk medisinsk avdeling ved Ålesund Sjukehus

Møteprotokollen er godkjend i møtet

SAKLISTE

Sak nr.	Tittel
33/23	Godkjenning av innkalling og sakliste
34/23	Brukarutvalet sin time
35/23	Representasjon i råd og utval - munnleg orientering
36/23	Referatsaker
37/23	Rehabilitering - informasjon og omvising
38/23	Oppnemning til råd og utval
39/23	Pakkeforløp heim for pasientar med kreft
40/23	Eventuelt

33/23 Godkjenning av innkalling og sakliste

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 33/2023 i møte den 19.06.2023

Vedtak

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal godkjenner innkalling og sakliste

34/23 Brukarutvalet sin time

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 34/2023 i møte den 19.06.2023

Behandling

Konstituert administrerende direktør kunne ikkje delta i dagens møte grunna anna møteverksemd. Brukarutvalet nytta direktørens time til samsnacking og erfaringsdeling i gruppa, mellom anna om desse sakene:

Fleire av brukarane etterlyste innkalling frå kvalitetsråda. Dei er bekymra for at innkallingane blir sendt til HMR-helse-adressene til brukarane. Medlemmane brukar private epostadresser og desse har alle vore meldt inn til kontaktpersonane i kvalitetsråda. Det var og meldt inn at brukarane ikkje alltid har tilgang til informasjon som blir lagt ved i lenkje i innkallingane.

Eit anna spørsmål som vart tatt opp var korleis brukarane blir «brukt» inn i kvalitetsråda/klinikkråda. Kva er forventningane til brukarane?

Brukarane deler gode erfaringar om medverknad i Klinikk for psykisk helse og rus, Klinikk for kreftbehandling og rehabilitering samt klinikk for Prehospitale tenester.

Vedtak

Følgjande saker tar brukarane med til møta til hausten:

1. Korleis kan brukarane brukast/gjere nytte for seg i dei forskjellige kvalitetsråda
2. Brukarane ønskjer å melde inn til leiarane om gode og dårlege erfaringar i brukararbeidet, og be om tydelege rutinar/forventningar i brukararbeidet.
3. Korleis kan brukarane bli med å utvikle kvalitetsråda til å bli enda betre.
4. Kva gjer vi i forhold til å nå ut med riktige eposter til bruk i innkallingane?
5. Be om informasjon om kvalitetsarbeidet i KPU - Kvalitetssystem og avvikshandtering (fagdirektør)
6. Medverknad generelt må opp i septembermøtet.
7. Status - Helsefellesskapet meldast inn til septembermøtet - status.
8. Brukarutvalets eigenevaluering til septembermøtet

35/23 Representasjon i råd og utval - munnleg orientering

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 35/2023 i møte den 19.06.2023

Behandling

Sidan førre brukarutvalsmøte har medlemmane delteke på følgjande møter:

	Navn	Deltatt
1	Skår, Paula Næss	<ul style="list-style-type: none">• 24.05.23: Styremøte HMR• 05.06.23: Arbeidsmøte til BU• 09.06.23: Lokalt samarbeidsutval (LSU) Molde• 13.06.26: Styremøte HMR• 14.06.23: Strategisk samarbeidsutval (SSU) Helsefellesskapet• 16.06.23: Brukarutval for SNR
2	Skare, Ann Helene	<ul style="list-style-type: none">• 25.05.23: Møte kunstgruppa SNR• 16.06.23: Møte BU SNR
3	Endresen, Janne Remøy	<ul style="list-style-type: none">• 22.05.23: BU HMR (Fysisk)• 31.05.23: LSU Volda (Teams)• 01.06.23: Faglig samarbeid. Utv. Barn & Unge (Fysisk)• 09.06.23: LSU Volda (Fysisk)• 19.06.23: Brukarutvalet HMR (Fysisk)• 22.06.23: Klinikkråd, Ålesund (Fysisk)• 22.06.23: Kvalitetsråd, Ålesund (Fysisk)
4	Atle Tangen	<ul style="list-style-type: none">• 06.06.23: Deltaking på stand Molde Sjukehus. "Kva er viktig for deg dagen".• 13.06.23: Styremøte HMR - Hjelset• 16.06.23: Brukarutvalet SNR
5	Lasse Honningsvåg	<ul style="list-style-type: none">• 30.05.23: Prosjektgruppemøte Barn og unges helseteneste• 02.06.23: Møte i LSU Ålesund
6	Per Øvermo	<ul style="list-style-type: none">• 01.06.23: Kvalitetsråd Klinik for prehospitale tenester

Vedtak

Ingen vedtak

36/23 Referatsaker

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 36/2023 i møte den 19.06.2023

Behandling

Følgjande referat har blitt lagt fram for brukarutvalet:

1. Protokoll Regionalt Brukarutval 22.05.23
2. Protokoll Brukarutval St. Olavs Hospital 23.05.23
3. Møtereferat Ungdomsrådet mai 2023
4. Saker til styremøtet HMR 13.06.23
5. Protokoll frå styremøte HMR 13.06.23 (ettersendt)
6. Høringssvar til NOU 2023 4 Tid for handling frå Helse Møre og Romsdal (ettersendt)

Brukarane er imponert over arbeidet som blir gjort i Ungdomsrådet, og merkar seg særskilt ideen om ein animasjonsfilm om HelsaMI.

Vedtak

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal tek dei framlagte referata til vitende.

Brukarane ønskjer meir informasjon om følgjande saker – sekretær innhentar informasjon:

- Sak 50/23 i protokoll frå Regionalt Brukarutval - **Informasjon om brukermedvirkning i Helseplattformen**
- Sak 36/23 i protokoll frå St. Olavs - **Orientering om prosedyre for bruk av pasientreiser**

37/23 Rehabilitering - informasjon og omvising

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 37/2023 i møte den 19.06.2023

Behandling

Informasjon og omvising på fysikalsk medisinsk avdeling ved Ålesund sjukehus frå klinikksjef på kreftbehandling og rehabilitering Jorun Bøyum samt seksjonsleder Hanne Marianne Elde.

Viktig at sak om rehabilitering blir tatt igjen i eit seinare møte. Brukarane ønskjer då å høyre om pasienterfaringar frå opphald ved avdelinga.

Brukarutvalet HMR takkar for orientering og omvising.

Vedtak

Ingen vedtak

38/23 Oppnemning til råd og utval

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 38/2023 i møte den 19.06.2023

Behandling

Førespurnad om brukarrepresentasjon til ortopedi i Kristiansund

- Kne-protesar (Cless TKA). Kontakt: Frank-David Øhrn – Kristiansund sjukehus
- Hofte-protesar (ACE) Kontakt: Kristian Midtsæther Lian – Kristiansund sjukehus

Kvalitetsråd Kreftbehandling og rehabilitering.

- Dei ønskjer ny representant med erfaring frå rehabilitering. Kontakt: Iren Anette Hatlehol.

Vedtak

Kne-protesar (Cless TKA). Kontakt: Frank-David Øhrn:

- **Brukarrepresentant: Per Øvermo. Vara: Anne Grete Mogstad**

Hofte-protesar (ACE). Kontakt: Kristian Midtsæther Lian.

- **Brukarrepresentant: Per Øvermo. Vara: Anne Grete Mogstad**

Kvalitetsråd Kreftbehandling og rehabilitering. Ny representant med erfaring frå rehabilitering. Kontakt: Iren Anette Hatlehol. (Begge representantane blir kalla inn på møte)

- **Brukarrepresentant: Fast: Ann Helene Skare**
- **Brukarrepresentant: Vara: Janne Remøy Endresen**

39/23 Pakkeforløp heim for pasientar med kreft

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 39/2023 i møte den 19.06.2023

Behandling

Saka vart presentert av samhandlingssjef Eli Otterlei.

Nytt nasjonalt pakkeforløp fra 1.1.2022:

- *Pakkeforløpet skal sikre bedre oppfølging, gi mer trygghet og forutsigbarhet for personer som lever med kreft eller etter endt kreftbehandling – et tilbud i tillegg til den medisinskfaglige behandlingen.*
- *Bakgrunn: Undersøkelse fra kreftforeningen viser at pasientene er godt fornøyd med behandlingen i spesialisthelsetjenesten, men at det ofte svikter i overgangen til kommunehelsetjenesten når det gjelder videre oppfølging*

Hvem omfattes av pakkeforløpet?

- *Alle pasienter som får en kreftdiagnose omfattes, uavhengig av om de allerede er i et diagnosespesifikt pakkeforløp eller ikke, og uavhengig av om behandlingsforløpet har kurativ eller palliativ intensjon.*
- *Pasienter som får tilbakefall/residiv inkluderes også i pakkeforløpet.*
- *Ca 1900 nye personer pr. år får en kreftdiagnose i Møre og Romsdal*

Pakkeforløp HJEM skal sikre:

- *mer systematisk avdekking av pasientenes individuelle behov, dvs. behov som går utover den rent medisinskfaglige oppfølgingen.*
- *at pasientenes behov blir fulgt opp gjennom tydelig kommunikasjon til andre tjenesteytere, samt plassering av ansvar for videre oppfølging*
- *færre uønskede variasjoner i pasientenes oppfølging etter en kreftdiagnose, uavhengig av hvor de bor*
- *bedre samhandling mellom aktørene som har kontakt med kreftpasienter og gi økt trygghet*

Vedlegg i saka:

- Pakkeforløp heim for pasientar med kreft
- EQS prosedyre HMR
- Infoskriv - pakkeforløp heim HMR

Vedtak

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal tek orienteringa "Pakkeforløp heim for pasientar med kreft" til vitende.

40/23 Eventuelt

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 40/2023 i møte den 19.06.2023

Behandling

Vedtak:

Brukarrepresentantar til styremøta hausten 2023 i tillegg til leiar Paula Næss Skår.

- 20. September – Ann Helene Skare
- 18. Oktober - Janne Remøy Endresen
- 15. November - Lasse Honningsvåg
- 20. Desember (tentativ) - Ingrid Løset

Møteplan BU HMR 2024 - tatt til orientering

Møteplan Styret HMR 2024 - tett til orientering